

Nominasjonen i Senterpartiet i Hordaland har vore ein turbulent affære. Mellom anna har den hatt som resultat at ein uskedeling - Elin Legland - har kome inn på sjuandeplassen etter at Bente Bondhus (også ho frå Kvinnherad) trakk seg.



Elin Legland - inn på sjuandeplassen.

Bondhus følte det ikkje rett å halda sjuandeplassen med Kjersti Toppe på førsteplass, ein plass ho fekk med 31 mot 30 stemmer. Bondhus tykte Toppe var feil kandidat til førsteplassen, der ho helst ville ha Steinulf Tunesvik.

Derfor ynskte ho å gje plassen til Legland.

- Ho er ein dugande SP-politikar og ho kjem til å ha mange flotte år føre seg i politikken, er attesten Legland får av Bondhus i Kvinnheringen.

Av Ola Matti Mathisen